



Informasjon til føresette

Nytt årshjul for FAU / Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU)

Tangen skule har i alle år hatt ein rutine som tilseier at årsmøtet for FAU vert halde i januar / februar kvart år, og årsmeldinga inneheld såleis informasjon om eit **kalenderår**, d.v.s. to halve og ulike skuleår.

Dette fungerer ikkje heilt godt, då nye representantar for føresette, elevane og lærarane kun vert valde for halve perioden, med nye representantar for den andre halvdel. Det er såleis ikkje eit samla FAU / SU / SMU for eit skuleår, men i praksis to grupper som til saman dekker eit kalenderår.

Skulen ønskjer såleis å endre dette slik at representantane sit i eit **skuleår**, og ein gjorde framlegg om denne endringa i møtet for SU og SMU måndag 25. januar 2016.

Framlegget var at **årsmøtet vert halde i september kvart år**, der ein oppsummerer skuleåret ein har bak seg, samstundes som ein vel nye representantar for det nye skuleåret.

Det var semje både i SU og SMU om at dette er ei betre ordning, og ein var vidare samde om følgjande: **Årsmøtet vert flytta til september 2016, og representantane som no er valde i FAU / SU / SMU, held fram til den tid.**

Årsmeldinga då vil difor ha eit innhald som inkluderer kalenderåret 2015, samt vårsemestert i dette skuleåret.

Skulen held såleis fram med desse representantane i SU og SMU:

FAU	: Vebjørn Valaker (leiar), Bjørnar Svortevik (nestleiar) og Bjørg Svinø (SMU)
Andre tilsette	: Martha Rivedal
Kommunalt oppnemd	: Morten Skarsbø
Lærarane	: Lillian Stedje og Anne Grethe Sjøfting
Elevrådet	: Joachim Furseth, Thea Nesse Molvik og Ola Akre (SMU).

I tillegg møter rektor ved skulen

Tangen skule, 25.02.2016

Jan Kåre Stedje
rektor